

Rapport om misjon og utvikling

AV JOHAN SKJORTNES

Ein rapport om eit evaluatingsprogram omkring misjon og utvikling under leiing av the Nordic Institute for missionary and ecumenical research (NIME), trykt etter oppmading frå Egede Instituttet.

Etter oppmading frå Det Nordiske Misjonsråd om å studere spørsmålet om evaluering av prosjekt som vert drevne av eller får stønad frå nordiske misjonsselskap og kyrkjer, gjorde NIME i oktober 1974 eit vedtak om å setje i gang eit langsiktig granskingsprosjekt om misjon og utvikling. For dette prosjektet vart det nedsett ei gruppe med representanter frå Danmark, Norge, Finland og Sverige. M. a. skulle ein foreta ei evaluering av utviklingsprosjekt der nordiske misjoner og kyrkjer er involvert. Som eit førebels arbeidsprogram har gruppa sett fylgjande punkt:

- a. Evaluatingsprogrammet skal omfatte eit spesielt område.
- b. Ein valde Tanzania fordi dette er eit land der fleire nordiske misjonar og hjelpeorganisasjonar har arbeidd i lang tid samstundes som også nordiske regjeringar har satsa relativt mykje.
- c. Sjølve evalueringa i marka skal gå føre seg ved folk og institusjonar i Tanzania. Jamvel om medlemar av den nordiske arbeidsgruppa kan bli involvert i evaluatingsarbeidet ute, er det representantar frå Tanzania som skal ha hovudansvaret.
- d. Ansvaret for den nordiske gruppa er å granske den policy som ligg bak prosjektet frå misjonsselskapa og hjelpeorganisasjonane si side. Den nordiske gruppa skal også freiste å løyse finansieringsspørsmålet.

Hovudoppgåva for dette studiet er å skaffe nordiske misjonselskap/kirkjeorganisasjonar eit mest mogeleg klart bilde av den effekt utviklingsprosjekta deira har. Dette kan hjelpe dei til å planlegge meir effektivt i framtida. Det kan også vise om dei pengane ein får gjennom statleg utviklingshjelp vert brukt i samsvar med organisasjonane sine eigne kriteria. Ein er også interessert i å finne ut kva som skjer med utviklingsprosjekt når

kyrkjene ute tek over og kva som skjer med kyrkjene når dei vert engasjerte i desse prosjekta.

Etter planen skal ein i 1975 finne fram til kor mykje ein kan disponere av ressursar i form av personell og pengar for dette evaluatingsprogrammet. Evaluatingsgruppa som skal arbeide i Tanzania, vil få hjelp frå Universitetet i Dar-es-Salaam og frå Makumira Theologiske Seminar. Her i Norden vil ein samle relevant opplysningsmaterial frå dei nordiske misjonsorganisasjonane og hjelpeorganisasjonane som arbeider i Tanzania. Det er også tanken at ein representant for den nordiske arbeidsgruppa reiser til Tanzania i 1975 for å ta kontakt med dei som skal arbeide i marka ute for å ko-ordinere arbeidet frå begge sider.

I 1976 skal ein analysere det materialet som kjem inn samtidig som ein også legger grunnlaget for eit 3-års studium 1977–1979 for å konstruere eit evaluatingsinstrument som kan kome kyrkjelege utviklingsprosjekt til nytte. Ein reknar med at heile prosjektet vil koste ca. 60 000,- dollar. Ein reknar med at dette delvis kan skaffast frå nordiske regjeringar (utviklingshjelp), frå the Nordic Cultural Foundation og frå andre kjelder.

Vurdering av evaluatingsprogrammet

På det nåverande tidspunktet vil det vere svært vanskeleg å vurdere kva som kan verte resultatet av dette evaluatingsprogrammet. Men eitt trur eg vi alle kan vere samde om: misjonsorganisasjonane har neppe ofra nok arbeid på denne sida av arbeidet sitt. Misjonane har ord på seg for å vere dei eigentlege ekspertane når det gjeld hjelp og utvikling. Dette er rett frå ei side sett. Misjonsorganisasjonane har lang røynsle bak seg, og misjonærane har god kontakt med «bakkemannskapet» ute. Men det ligg ein fare i denne posisjonen som misjonen har i utviklingssamanhang. Ein kan stole for mykje på røynsler og resultat i fortida og ikkje ofre nok tid på å orientere seg om det som skjer i utviklingssamanhang i våre dagar. Røynsla viser også at misjonærane i eitt land har relativt liten kontakt med arbeidet i andre land. Det er for lite av sirkulasjon om arbeidsopplegg og strategi. Dessutan kan det også skje store forandringar i eit U-land slik at arbeidsmåtar som høvde godt før ikkje lenger er adekvat for situasjonen i dag.

Reint prinsipielt må det vere nyttig å få evaluert det arbeidet ein er engasjert i. NORAD t. d. har kontinuerlig evaluering av diverse prosjekt i U-land. Men dei har både pengar og fagfolk til disposi-

sjon for slike spesielle oppgåver. Det er mange spørsmål ein gjerne skulle vite noko meir om i samband med dei tiltak som misjonen engasjerer seg i. Eksempelvis kan vi nevne følgjande:

Jordbruksprosjekt

- Forholdet mellom mekanisering og arbeidseffekt når elevane kjem tilbake til landsbyen.
- Kor stor prosent av elevane ved ein vanleg jordbrukskule vert sidan jordbrukarar.

Sjukearbeidet

- Ringverknadene i nærmiljøet av klinisk og/eller profylaktisk arbeid.
- Får misjonen sitt helsepersonell ei adekvat etterutdanning etter vanleg yrkesutdanning.

Skulearbeidet

- Kvar vert det av elevane som går på misjonen/kyrkja sine skular.
- Forholdet mellom misjonen/kyrkja sine skular på den eine sida og staten sine skular på den andre når det gjeld rekruttering til søndagsskule- og ungdomsarbeid på staden.

Når det gjeld evalueringssarbeidet i Tanzania, vil resultatet i stor monn vere avhengig av kva ein bruker som kriterium for eit godt eller eit dårlig resultat. Det er utan vidare klart at om eit prosjekt er effektivt vurdert ut frå ein samfunnsmessig synsvinkel, er ikkje dette nokon garanti for at prosjektet også er effektivt som evangeliseringsinstrument. Men likevel må det vere svært viktig å få evaluert eit prosjekt ut frå fleire synsvinklar, som t. d. den sosiale effekt det har i nærmiljøet.

Det er Egede Instituttet som offisielt skulle representere Norge i arbeidskomitéen. Men vi har forstått det slik at Egede Instituttet ikkje har økonomi til å kunne dekke reiseutgiftene for ein fast representant i komitéen. Difor vende dei seg til NMS som gjorde vedtak om at underteikna skulle møte i komitéen i København 27. april d. å. Men ettersom nytten av dette evalueringssarbeidet ikkje vil verte avgrensa til berre ein misjonsorganisasjon vil det vere naturleg at Norsk Misjonsråd valde den representanten som eventuelt skulle representere Norge i arbeidskomitéen. Vedkomande burde helst ha visse røynsler frå praktisk misjonsarbeid ute. Dersom også Egede Instituttet skulle vere med i komitéen, burde ved-

komande derfrå representerer den meir faglege/forskningsmessige sida av evalueringsarbeidet.

Til slutt vil vi få understreke at resultatet av evalueringsarbeidet i stor monn vil vere avhengig av eit nært samarbeid med den lutherske kyrkja i Tanzania og dei nordiske misjonsorganisasjonane som er engasjert i Tanzania. Den lutherske kyrkja i Tanzania har stilt seg positivt til prosjektet. Når det gjeld dei nordiske misjonsorganisasjonane, er det viktig at desse kan vere villig til å skaffe alle relevante opplysningar om arbeidet sitt i Tanzania. Dei må også kome sentralt inn når det gjeld å ta stilling til dei kriteria som skal gjerast gjeldande for evalueringsarbeidet. Det er ikkje minst derfor at Norsk Misjonsråd bør kome meir sentralt inn i biletet, ikkje berre ein enkelt misjonsorganisasjon som t. d. NMS.